

Plenums møte i Europaparlamentet: Ukraina, rettsstat, innsats mot krett og krav om tryggare barneleiker

18. februar 2022

Fra: Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor.

- *Situasjonen i Ukraina hovudsak under plenums møtet. Brei semje om å vidareføre den diplomatiske dialogen, men også om kraftige reaksjonar dersom Russland går til åtak mot landet.*
- *Europaparlamentet godkjente ein støttepakke til Ukraina og tok også til orde for militær- og sikkerheitsassistanse til Ukraina.*
- *Dommen frå EU-domstolen som gjev grønt lyst til EUs rettsstatsmekanisme godt motteke og Europaparlamentet krev at Kommisjonen nå gjennomfører den overfor Polen og Ungarn.*
- *Europaparlamentet meiner det er behov for lovgjeving for å sikre rolla til sivilsamfunnet og tek avstand frå forsøk på å leggje restriksjonar på organisasjonar i sivilsamfunnet av politiske årsakar.*
- *Brei semje om tiltak mot krett, men debatt om omtalen av farane ved alkohol og framlegg til strengare merking.*
- *Europaparlamentet ynskjer strengare reglar for produksjon og omsetting for å sikre trygge leike til barn og godkjente strengare reglar for å verne arbeidstakarar mot farlege stoff.*

Det var plenums møte i Europaparlamentet i Strasbourg denne veka. Sentral saker var:

Situasjonen i Ukraina

Både rådspresident Charles Michel, kommisjonspresident Ursula von der Leyen og EUs høgrepresentant for utanrikssaker Joseph Borrell deltok i ein debatt om situasjonen i Ukraina onsdag morgon. Parlamentspresident Roberta Metsola sa ved starten av debatten at Europaparlamentet alltid har støtta det ukrainske folket og viste til at parlamentet seinare same dag ville godkjenne ein støttepakke på 1,2 milliardar euro til Ukraina, jf. også [pressemelding](#) om dette.

I sine innleiingar la Michel, von der Leyen og Borell vekt på at både EU og NATO står samla og er godt koordinert. Dette er illustrert med at den russiske utanriksministeren på sine brev til kvart enkeltland i NATO og EU berre fekk svar i form av eit felles brev frå NATO og eit frå EU. Det transatlantiske samhaldet er nå sterkare enn på lenge. Det er Russland som har bygd opp aggresjonen som nå trugar Ukraina og freden i Europa. Det er viktig å vidareføre den diplomatiske dialogen og det er positivt at Russland har signalisert ein vilje til å dempe spenninga dei siste dagane. Samstundes må dei demonstrere dette i praksis. Framlegget i Dumaen om å anerkjenne Donetsk og Luhansk som suverene statar, er ikkje eit konstruktivt bidrag. Det vart understreka at EU førebur omfattande sanksjonar som vil tre i kraft dersom Russland skulle gå til krig. Desse vil ikkje berre rette seg mot individ i form av å fryse bankkonti eller innføre innreiseforbod, men også mellom anna omfatte stans i høgteknologiske innsatsvarar som russisk industri er avhengig av. EU gjev store økonomisk bidrag til landet og vil auke dette ytterlegare. Russland vart åtvvara mot å bruke energi som eit

våpen i denne konflikten. EU har alt teke steg for å sikre alternative kraftleveransar. Russlands kutt i gass eksporten er eit tilleggsargument for auka investering i grøn energi i Europa.

I debatten var det nesten sameint støtte til Ukraina og til innlegga til dei tre EU-toppene. Behovet for dialog vart understreka. Det vart framheva at EU er solidariske med det ukrainske folket og ikkje vil la seg utpresse av Putin. Det vart teke til orde for å opne den indre marknaden meir for Ukraina. Både Den grønne gruppa og den konservative gruppa (ECR) understreka at stenging av Nord Stream må vere ein del av sanksjonspakka til EU etter eit eventuelt russisk åtak. ECR meinte mange vest i EU ikkje har forstått Alvoret i utviklinga i EU og hadde fokusert for mye på samhandel. Ytre høgre-gruppa (ID) meinte Europa var tvetydig overfor Russland. Det var ytre venstregruppa (The Left) som var mest kritisk til NATO og meinte vesten hadde gjort for lite for å dempe spenninga og å inkludere Russland i konstruktivt samarbeid. Gruppa var samd i behovet for at EU må bli mindre avhengig av russisk energi, men det må ikkje skje ved å gjere seg meir avhengig av USA. Sjå også [Europaparlamentets omtale](#) av debatten.

Europaparlaments presidentskap og leiarane i dei politiske gruppene [vedtok onsdag](#) ei fråsegn om Ukraina. Den fordømmer mellom anna russisk aggresjon og understrekar at det er opp til det ukrainske folket å bestemme vegen vidare for landet.

I ein [rapport](#) om den felles sikkerheits- og forsvarspolitikken (sjå også nedanfor) tok Parlamentet også til orde for at EU bør gje auka og truverdig militær- og sikkerheitassistanse til Ukraina.

Rettsstat og krav om europeiske lovgjeving for å sikre rolla til sivilsamfunnet

EU-landa vedtok i 2020 ei ny rettsstatsmekanisme i samband med langtidsbudsjettet for inneverande periode. Den skal hindre korrupsjon eller anna misbruk med EU-pengar. Polen og Ungarn har meint den ikkje er i samsvar med EU-traktaten, men fekk ikkje medhald hos EU-domstolen som kom med si avgjerd 16. februar. Parlamentspresident Roberta Metsola [var raskt ute med å slå fast at dommen](#) viser at rettsstat er eit grunnleggjande prinsipp som det ikkje kan forhandlast om. [Saksordførarar i budsjettkontrollkomiteen](#) la vekt på at Kommisjonen nå må ta i bruk mekanismen.

Onsdag var det ein [debatt i plenum](#) om konsekvensar av dommen. Det vart lagt merke til at kommisjonspresident Ursula von der Leyen ikkje deltok i debatten, men at Kommisjonen var representert av budsjettkomissær Johannes Hahn. Han sa Kommisjonen vil analysere dommen, men Kommisjonen fekk kritikk frå mange representantar for å dra føtene etter seg i denne saka. Samstundes kom det som alltid i debattar om rettsstat skuldingar om at Polen og Ungarn blir behandla strengare og annleis enn andre land. Det franske EU-formannskapet la vekt på at dommen er ei viktig avklaring og forventar at Kommisjonen nå gjennomfører rettsstatsmekanismen.

I både Polen og Ungarn har rolla til sivilsamfunnet vore del av debatten om rettsstat, også i samband med forvaltninga av dei norske EØS-midla. [Parlamentet meiner](#) det er behov for europeisk lovgjeving for å sikre rolla til sivilsamfunnet og tek avstand frå forsøk å leggje

restriksjonar på organisasjonar i sivilsamfunnet av politiske årsakar. Det meiner det er behov for å innføre ein felles europeisk, juridisk standard for organisasjonar og samanslutningar.

Strengar regulering gullvisum

Ordningar med at enkeltland gjev såkalla gullvisum må regulerast strengare. [Det slår Europaparlamentets borgarretts-, justis- og innanrikskomité](#) fast i eit utkast til rapport som vart vedteke måndag. Gullvisum er visum gitt til borgarar frå tredjeland basert på at dei investerer i det aktuelle landet. Komiteen meiner det er både etiske, juridiske og økonomiske innvendingar mot slike ordningar.

Handlingsplan mot kreft – usemje om alkohol

Europaparlamentet tek til orde for meir effektiv innsats mot kreft i ein [rapport](#) som vart vedteke onsdag. Rapporten er utarbeida av ein spesialkomité for kampen mot kreft som vart oppretta i fjor som svar på Kommisjonenens [handlingsplan mot kreft](#) frå mars 2021. Rapporten tek mellom anna til orde for nye tiltak for å redusere kreftårsakar knytt til miljø, livsstil og arbeidsmiljø. Det er også viktig å leggje til rette for kreftbehandling og kliniske testar på tvers av landegrensene og å takle mangel på kreftmedisin. Utkastet til rapport omtalte mellom anna alkohol som helseskadeleg og tok til orde for betre helsemerking av alkohol. Mange representantar frå vinproduserande land tok til orde for mindre kritiske formuleringar og fekk delvis gjennomslag for dette, jf. også [omtale hos Accent](#).

Rapport om utanriks- og sikkerheitspolitikken og sikkerheits- og forsvarspolitikken

EU må snakke med ei felles røyst i utanrikspolitikken. Det slår Europaparlamentet fast i ein rapport om den felles utanriks- og sikkerheitspolitikken som vart vedteke denne veka. Samstundes vart det vedteke ein rapport om gjennomføringa av felles sikkerheits- og forsvarspolitikkk. I [pressemeldinga](#) blir det vist til at EU må ta ei leiande rolle når det gjeld å styrke multilaterale partnerskap. Det er viktig med ein robust forsvarspolitikkk og sikre eit meir motstandsdyktig Europa. EU bør gje auka og truverdig militær- og sikkerheitassistanse til Ukraina. I tillegg må det bli slutt på at enkeltland har vetorett i utanrikspolitikken.

Spionprogrammet Pegasus

[Europaparlamentarikarane uttrykte](#) uro over bruken av Pegasus-programvaren som fleire EU-land har kjøpt inn til nasjonale overvakingstenester og mange tok til orde for eit forbod mot den. Dette har også fått støtte av det europeiske [datatilsynet](#) I Polen er det kome krav om gransking etter påstandar om at telefonane til polske opposisjonspolitkarar og journalistar er blitt overvaka. Også i Ungarn er det diskusjon om bruken av programmet og regjeringa i Luxembourg har innrømt å ha kjøpt den. Justiskommisssær Didier Reynders viste i debatten til at nasjonal tryggleik høyrer til kompetansen til medlemslanda, men at ingen land har ei blankofullmakt til overvaking utan avgrensingar.

Rapport om havvind

Europaparlamentet vedtok sitt innspill til Kommisjonens strategi om havvind. Det er behov for bedre samarbeid mellom medlemslandene. Kommisjonen oppfordres til å revidere EUs elmarkedsdirektiv og -forordning for å tilrettelegge for utbygging av havvindparker/hybridkabler, inkludert å se på mulighet for egne prisområder offshore. Parlamentet mener at regelverket også må endres slik at Storbritannia kan delta i samarbeidet i Nordsjøen. Videre understreker Parlamentet at utbygging av havvind må være forenelig med andre aktiviteter til havs, og at det bør innføres et EU-dekkende forbud mot deponering av utrangerte vindturbinblader innen 2025. Se nærmere [omtale i Stortinget EU/EØS-nytt 17. februar i år](#) og [Europaparlamentets pressemelding](#).

Tryggare leiker til barn og mindre farlege stoff for arbeidstakarar

Nesten samrøystes tok [Europaparlamentet til orde for strengare reglar for barneleiker](#). EU vedtok eit leketøysdirektiv i 2009 og Parlamentet har nå vurdert direktivet. Det er spesielt bruken av farlege kjemikalie i produksjonen av leiker Parlamentet er opptatt av, men det legg også vekt på at det må sikrast at farlege leiker må fjernast frå nettbaserte salskanalar.

Parlamentet gav også grønt lys til [strengare grenseverdier](#) for å verne arbeidstakarar mot kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet. Medisinsk personale skal også få betre opplæring i handtering av farlege medisinske produkt.

Grønt lys til endringane i eurovignettdirektivet for vegprising og bompengar

Europaparlamentet gav [formell godkjenning](#) til endringane i regelverket for vegprising og bompengar i Europa. Medlemslanda er ikkje pålagt å innføre vegprising, men dersom dei gjer det må dei felles reglane følgjast. Målet er å legge opp til prising basert på avstandsbaserte kriterium i samsvar med målet om at forureinar skal betale.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no